



Vår dato:

21.08.2023

Vår ref:

2023/8185

Dykkar dato:

03.07.2023

Dykkar ref:

23/549-1/23/31853

SAUDA KOMMUNE
Postboks 44
4201 SAUDA

Kontakt saksbehandlar
Tina Eltervåg, 51568789

Uttalelse - oppstart - Sauda - kommunal planstrategi

Me syner til brev datert 03.07.2023.

Bakgrunn

Sauda kommune varsler oppstart av arbeid med planstrategi i tråd med plan- og bygningslova § 10-1, og ber om innspel til særlege omsyn eller føringar som kommunen bør ivareta i arbeidet.

Vår vurdering

Statsforvaltaren har følgjande innspel og merknader ut frå våre sektorinteresser:

Landbruk

Me syner til rettleiar for [Planlegging for spredt bolig-, fritids- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, frilufts- og reindriftsområder](#) fra mai 2020. Fleire kommunar i Rogaland har ved revisjon av kommuneplanen hatt ein gjennomgang og endring av måten å framstille eksisterande spreidde tiltak (bustad og fritidsbustad) i LNF-områda i tråd med rettleiaren. Me syner i denne samanheng til det arbeidet Suldal kommune gjorde i sin kommuneplanrevisjon i 2022/23 som eit døme. Sauda kommune bør og vurdere å gjere dette, jf. også presisering frå Kommunal- og distriktsdepartementet i eit brev til Statsforvaltaren om tematikken som er formidla til Sauda kommune i sommar.

Sauda kommune gjorde i 2022 eit arbeid med å lage retningsline for handsaming av saker etter jordlova §§ 8, 9 og 12. Statsforvaltaren gav uttale til dokumentet den 21.04.2022. Statsforvaltaren peika på at fleire av tema som var omtala i dokumentet gjaldt tilhøve som også krev behandling etter plan- og bygningslova, til dømes frådeling og storleik på tunparsellar, frådeling av ubygde tomter til fritidsføremål mv. Kommunen bør vurdere om noko av arbeidet som blei gjort i samband med desse retningslinjene også skal implementerast som retningslinje i kommuneplanen sin arealdel.

Me syner til at Stortinget den 16.06.2023 vedtok ny, [nasjonal jordvernstrategi](#), kor det nasjonale målet for omdisponering av landbruksjord er redusert til maksimalt 2000 dekar dyrka jord i året. Det inneber at alle kommunar må ha fokus på å unngå omdisponering, vurdere tilbakeføring av areal som ligg i kommuneplanen og som over tid ikkje har vore regulert eller ikkje tilfredsstiller viktige mål



innanfor ATP, effektiv utnytting, omsyn til jordvern og natur mv. Me legg til grunn at kommunen i vidare plan- og utgreiingsarbeid utarbeidar ein arealstrategi og eit arealrekneskap. Det finst mykje rettleiingsmateriell på Kommunal- og distriktsdepartementet sin nettstad, mellom anna temaside om Regional- og distriktpolitikk og Planlegging etter plan- og bygningslova. Til dømes [Meld. St. 27 \(2022-2023\) – Eit godt liv i heile Noreg – distriktpolitikk for framtida](#) og [Utvikling og evaluering av arealstrategiarbeid i åtte distriktskommunar](#).

Ved førre planstrategi var det frå kommunen si side varsla at det skulle lagast ein handlingsplan for skog- og jordbruk i kommunen. Statsforvaltaren synte til at det ville vere positivt med ein handlingsplan som synleggjorde skogbruk- og landbruksnæringane sin funksjon som arbeidsplass, matprodusent, landskapsforvaltar, reiseliv og tilleggsnæringar mv, og korleis næringane kan vidareutviklast. Det er så vidt me kjenner til ikkje utarbeidd slik handlingsplan i planperioden. Det er ikkje naudsynt å lage eigen temaplan for landbruk, men landbruket og skogbruket sin rolle i Sauda kan gjerne vere tema i kommuneplanarbeid. Når det gjeld utviklingstrekk og utfordringar innanfor landbrukssektoren i Sauda er kommunen kjent med fleire av desse, og me syner til dømes til funn i spørjeundersøkinga «[Framtidsutsikter for landbruket i Rogaland](#)» og anna statistikk som kunnskapsgrunnlag for å gripe fatt i tematikken.

Elles syner me til nye [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) av 20.07.2023, kor Regjeringa sine forventningar til kommunane si planlegging, klima, miljø og jordvern med vidare kjem fram. Regjeringa forventar at kommunane prioriterer arbeidet med planstrategiar for å sikre at planane er oppdaterte og møter behova som følgjer av endringar i samfunnsmessige, demografiske, politiske og naturgitt forhold.

Natur og klima

Sauda kommune har mykje natur og er ein stor hyttekommune. Kommunane si arealplanlegging er avgjerande for at Noreg skal kunne redusera utsleppa i arealbrukssektoren fram mot 2030, og for ivaretaking av natur. Det er viktig for Noreg si evne til å oppfylla natur- og klimamåla, at kommunane bruker planverktøya til å hindra nedbygging av karbonrike areal som skog og myr, men også landbruksjord (særleg beitemark). Dette inneberer blant anna å ta i bruk moglegitetene for fortetting, gjenbruk og transformasjon av allereie bygde areal, før jordbruksareal, viktige natur- og friluftsarealer og føre tilbake karbonrike areal som myr, skog og anna næringsrik jord. Potensialet for fortetting og utviding av eksisterande fritidsbustadområder bør vurderast, før det blir lagt til rette for utbygging i nye områder.

Jamfør statlege planretningslinjer for klima og klimatilpassing (SPR-klima) skal planstrategi «*beskrive utviklingstrekk og utfordringer, herunder knyttet til dagens og fremtidens klima. Både eksisterende og ny kunnskap om klimaendringer og konsekvenser av dette, som nye farekart og lignende bør vurderes og omtales her. For eksempel kan framtidige klimaendringer føre til at områder som til nå har vært ansett som sikre, ikke lengre innfrir kravene i plan- og bygningsloven*».

Retningslinjene seier og at kommunen i planstrategien skal vurdere behovet for å oppdatere eksisterande planar i lys av klimaendringane, og sikre at kommande planar sikrar omsynet til klima. Det gjeld og å følge opp utfordringar som er avdekka i fylkes-ROS eller i kommunen sin heilsakaplege ROS. Kommunen bør vurdera om tidlegare godkjent arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfold, kulturmiljø, jordvern, klimatilpassing og samfunnstryggleik. Planretningslinjene bør inngå som ein del av dei nasjonale føringane for planstrategien.

Formålet med SPR-klima er å sikre at kommunane prioriterer arbeid med å redusere klimagassutslepp, legge om til miljøvennlig energi, og ivareta klimatilpassing i planlegging. Dette skal gjerast



gjennom bruk av eit breitt spekter av kommunens roller og verkemiddel. Statsforvaltaren meiner at utsleppsreduksjon, energiomlegging og klimatilpassing som viktige og sektorovergripande satsingsområde bør vere eit tema i mange av planane i kommunen.

I Noreg har me eit mål om at ingen artar eller naturtypar skal forsvinna og at me skal verne ein representativ del av den norske naturen for framtidige generasjonar. Dette har også blitt meir aktuelt etter at Noreg, saman med 195 andre land, skreiv under på Naturavtalen i Montreal i 2022, kor eit av måla er å verne 30 % av all natur på land og vann innan 2030. FN har erklært 2021-2030 som tiåret for restaurering av natur. Restaurering av økosystem har som mål å forhindra, stoppe og reversera svekkinga av økosystem på alle kontinenta og i alle hav. Den nye naturavtalen påpekar kor viktig det no er å restaurera meir natur, og har satt som mål å restaurera 30 % av dei forringa økosistema innan 2030.

Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for naturen er eit viktig grunnlag for planlegginga, og planprosessane kan bidra til å identifisera viktig naturmangfald, økologiske samanhengar og viktige funksjonsområder på land og i sjø. Eit systematisk arbeid med naturmangfald i planlegginga vil bidra til langsiktig ivaretaking av verdifulle naturområde, og kan avdekke behovet for meir kunnskap. Ein tematisk kommunedelplan for naturmangfald kan vera eit ledd i eit slikt arbeide. Kommunane kan søke Miljødirektoratet om tilskot for utarbeiding av ein slik kommunedelplan for naturmangfald. Det vil bli opna for å søke om tilskot i desember med frist 1. februar.

Folkehelse

Systematisk folkehelsearbeid

Arbeidet med planstrategi skal bygge på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. § 5 i folkehelselova set krav til kommunen om å ha naudsynt laupande oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar helsa. Kvart fjerde år skal kommunane utarbeida eit samla oversiktss-dokument. Oversiktssdokumentet skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, jf. folkehelselova § 6 og forskrift om oversikt over folkehelsa § 5. Konsekvensar og årsaksforhold skal vere vurdert i oversiktssdokumentet, og trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem skal ha eit særskilt fokus.

Folkehelseutfordringane skal vektleggast i drøfting og vurdering av alle relevante planar for kommunen som samfunn og organisasjon, jf. plan og bygningslovas § 3-1 f. Dersom det vurderast at folkehelseutfordringane allereie er tilstrekkeleg ivaretatt i eksisterande kommuneplanar som skal vidareførast, er det ikkje naudsynt at det blir gjort ei drøfting av dette i planstrategien. Det skal i så fall samtidig gis ei grunngjeving for denne vurderinga i planstrategien. Dersom oversiktssdokumentet viser at kommunen har folkehelseutfordringar på eitt eller fleire område, men ikkje har mål, tiltak og strategiar for å løyse dette i eksisterande planar, eller ser at noverande planar ikkje er gode nok, bør dette drøftast i arbeidet med planstrategien. På denne måten vil ein også sikre ei overordna koordinering av den tverrfaglege/-sektorielle innsatsen som må til for å følgje opp identifiserte folkehelseutfordringar.

Helsedirektoratet sin rettleiar «Systematisk folkehelsearbeid» gir god oversikt over kommunen sitt ansvar for oversikt over helsetilstand og påverkningsfaktorar i kommunen si befolkning [Systematisk folkehelsearbeid - Helsedirektoratet](#)

Levekår

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027 (ref. kapittel 3 «Trygge og inkluderande lokalsamfunn), syner til politikkområde som skal prioriterast. Statsforvaltaren vil



utover dette trekke frem lovendringar knytt til barnevernsreforma og kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet.

Barnevernsreforma flyttar meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet. Reforma skal bidra til å styrke det forebyggande arbeidet, tidleg- og tverrsektoriell innsats. Ny lov om barnevern § 15-1, pålegg kommunane å utarbeide ein plan for arbeid med å forebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem. Planen skal vedtakast av kommunestyret og kan sjåast som ein av grunnsteinane i kommunen sitt arbeid med barnevernreforma.

Ny lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet § 5 pålegg kommunen å ha oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustadar for vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Tilpassa bustader er bustader med hjelpe- og vernetiltak for dei som har behov for det på grunn av alder, funksjonsnedsetjing, rus- og/eller psykiske plagar eller andre årsaker. Oversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi etter plan- og bygningslova § 10-1. Ei drøfting av kommunen sitt bustadsosiale arbeid bør inngå i planstrategien. Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplanen etter plan og bygningslova kapittel 11 fastsette overordna mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet. Måla og strategiane skal vere eigna til å møte dei utfordringane kommunen står ovanfor med utgangspunkt i oversikten nemnt i første punktum. § 10 i den nye lova om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet er ei overgangsføresegn som seier at krava til planstrategi og kommuneplan etter § 5 skal være oppfylt seinast fire år etter at lova trer i kraft.

FN konvensjonen for menneskjer med nedsett funksjonsevne (CRPD)

FN konvensjonen om rettigheter til menneskjer med nedsett funksjonsevne (CRPD) skal leggst til grunn i alt arbeid i kommunen som råker ved personar med funksjonsnedsetting. Dette betyr innan dei fleste av kommunanes tenester og ansvarsområde. Å bygge opp kompetansen om CRPD, og om det praktiske arbeide som må til for å oppfylla rettighetene til personar med funksjonsnedsetting, krev eit eget fokus i kommunen. Å få CRPD med som eit prioritert område i overordna planar, vil sikre nødvendig forankring og betre moglegheiter til å lykkes med arbeidet. Planstrategien bør difor adressere kor arbeide med CRPD skal tas inn i kommunens planverk.

Samfunnstryggleik

Sauda kommune har ein heilt ny heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Denne skal vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for mange av kommunen sine mål og strategiar i planperioden jf. §3 i [Forskrift om kommunal beredskapsplikt](#).

Når denne no er på plass er det avgjerande at resten av plan-systemet blir oppdatert i tråd med funn, der det er relevant. Det er særleg viktig at analysen blir følgt opp i kommuneplan, beredskapsplan og planar som omhandlar klimatilpassing. Me minner om FylkesROS 2023 som no er lagt ut på Statsforvaltaren sin nettstad. Der ein finn de også mykje informasjon om risiko og sårbarheit innan ulike tema i fylket.

Når det gjeld nye statlege føringar legg dei [nasjonale forventningane](#) innan samfunnstryggleik og beredskap vekt på klimaendringar og naturfare, og på viktigheita av å bevare robuste samanhengande naturområde og landbruksområde, også i eit beredskapsperspektiv. Regjeringa forventar og at kommunane bidrar til bidrar til ein robust kraftforsyning, trygg vassforsyning og avløp, og tar omsyn til forsvaret sitt behov for areal. Drikkevassforsyninga skal inngå i vurderinga av samfunnstryggleik i kommuneplanen.



NVE har laga nye aktsemdskart for snøskred, desse bør ligge til grunn for oppdaterte omsynssoner i arealdelen til kommuneplanen. Skredområda er blitt nokså endra i frå sist, og kan innebere behov for å endre og oppdatere planar når det gjeld snøskredfare. Karta inneheld også vurdering av skogen sin effekt på skredbaner, og gjer at kommunen bør vurdere å legge avgrensingar på hogst på skog med viktig skredhindrande effekt. Meir om dette finn de på NVE sine nettsider:

<https://www.nve.no/naturfare/utredning-av-naturfare/om-kart-og-kartlegging-av-naturfare/om-kartlegging-av-skredfare-i-bratt-terreng/aktsemdskart-for-snoeskred-2023/>

Kommuneøkonomi

Kommunen må planlegga slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid. Ei god kopling mellom handlingsdelen i kommuneplanen og økonomiplanen er viktig og det bør komme frem i planstrategien korleis denne skal sikrast. Økonomiplanen kan inngå i eller utgjere handlingsdelen i kommuneplanen etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.

Utdanning

I nasjonale forventningar til kommunal planlegging, blir det trekt fram at det vil bli utfordrande å nå målet om mindre ulikskap. Utdanning er heilt sentralt for å utjamne forskjellar, og då er det trond for barnehagar og skuler med høg kvalitet. I kunnskapsgrunnlaget til planstrategien, må kommunen difor utarbeida oversikt over styrker og utfordingar i fagområdane, og vurdera om det er områder som har trond for ny eller oppdaterte planar.

I dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging blir det også trekt fram viktigeita av å tidleg vurdera lokalisering og arealbehov for nye skuler og barnehagar. Skule- og barnehagebruksplanar bør vere oppdaterte på befolkningsframskrivingar og planar for bustadbygging. Det bør avsettast areal til nye skuler og barnehagar, som er i tråd med nasjonale myndigheiters anbefalingar.

Utdanning er viktig for å hindre utanforskap, og i forventningane til planstrategi blir det nemnd bekymring for born og unge som står utanfor skule, utdanning og arbeidsliv. Rogaland har over tid hatt det lågaste fråfallet frå vidaregåande opplæring i landet, men det er viktig at kommunane stadig vurderer tiltak for å auke talet som fullfører. I ein tid kor alle kommunane busette flyktingar, er det viktig at kommunane har gode planar for å inkludera dei nykomne, og eit godt opplæringstilbod, også for vaksne.

Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid er i dag ein viktig del av kommunanes verksem. Interkommunalt samarbeid kan omfatte alt frå utføring av tenester, faglege nettverk for informasjonsutveksling og kompetanseheving, til politiske samarbeidsorgan for ein region m.m. Det er lagt til rette i kommunelova for samarbeid mellom kommunar både når det gjeld driftsoppgåver og myndigheitsoppgåver. Kommunen kan gjennom arbeide med planstrategien legge opp til ein systematisk gjennomgang av om det er område i kommunen der ytterlegare samarbeid, eller nye samarbeidsformer, med andre kommunen kan vere nødvendig for å levera god kvalitet på lovpålagede tenester, oppnå effektiviseringsgevinstar og sikre eit berekraftig velferdssamfunn inn i framtida.



Med helsing

Lone Merethe Solheim (e.f.)
ass. statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger